
Vår referanse 2020/37830-2
Dato 04.02.2020

ALVER KOMMUNE
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Kulturminnefagleg fråsegn - Søknad om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel for forbodet mot byggjetiltak i verna vassdrag – Rylandsvassdraget – gnr. 305. bnr 3 - Alver kommune

Vi viser til brev datert 22.01.2020 med ovanfor nemnde sak til fråsegn. Vestland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern. Saka gjeld søknad om løyve til grunnundersøkingar i Rylandsvassdraget og søknad om utbetring av ein opparbeida veg på gnr. 305, bnr. 3, opparbeidinga er nødvendig for å kunne ta seg fram til vassdraget med anleggsmaskiner.

Vi har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne som kjem i konflikt med tiltaket. Vi har difor ingen avgjerande merknader i saka, utover at ein under opparbeiding av feltet søkjer å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.

Elles gjer vi merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar blir avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Hordaland fylkeskommune, og alt arbeid stansast til rette forvaltningstyresmakt har vurdert funnet. Slik gransking vil verta utført mindre enn tre dagar etter at vi har fått melding om mogelege funn.

Areal i vatn

Då planforslaget omfattar areal i Rylandsvassdraget, har saka vore til vurdering hjå Bergens Sjøfartsmuseum. Dei har svart på e-post dagsett 27.01.2020 at:

«Museet kjenner ikkje til kulturminne som kan bli direkte råka av det omsøkte tiltaket. Museet har derfor ingen merknader til det planlagde arealinngrepet. Det er likevel mogleg at det ligg kulturminne i det aktuelle området. Me gjer derfor merksam på at tiltakshavaren pliktar å gje melding til museet dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan bli råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Verksemda må i så fall ikkje takast opp att før museet har undersøkt og eventuelt frigjeve området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil være i strid med føresegnene i Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne.»

Med helsing

Inger Lena Gåsemyr
fagleiar - arealplan

Sigrun Wølstad
seniorrådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor ingen handskriven underskrift

Mottakarliste
ALVER
KOMMUNE

Postboks 4 5906 FREKHAU
G